



elevrepresentant Edas Kondrotas

Referansar:

Dykkar:

Vår: 16/1661 - 17/6889

Saksbehandlar:

Jill Kristin Grindheim Bøe

jill-kristin.boe@radoy.kommune.no

Dato:

24.05.2017

Referat frå møtet i samarbeidsutvalet (SU) og skulemiljøutvalet (SMU) 23.05.17

Desse møtte: Kirsti Floen, Marianne Rikstad, Kristin Helland, Maria Marøy og Ståle Villanger.

1. Oppsummering av skuleåret 2016/ 17:
Hordabø skule er ein god stad å vere, både for elevar og tilsette. Me har gode resultat på elev- og foreldreundersøkinga. Me har utvikla uteområde. Me har fått gjennomslag for fotgjengarovergang skule- byggefelt. Me har hatt intensive lesekurs, som har auka lesefarten og leseforståinga til dei aktuelle elevane. Me har hatt "Ungt entreprenørskap" (smart camp og vårt lokalsamfunn) som har vore svært lærerikt for elevane. 4. klasse deltok på strandryddedagen. Me har gjennomført brannøving på ein eksemplarisk måte. Me har hatt branntilsyn med utelukkande berre positive tilbakemeldingar
2. Bemanning 2017/ 18
Alle kontaktlærarar for komande skuleår er på plass.
3. Rektor informerte om korleis me på Hordabø har fokus på "tidleg innsats". Me styrker dei yngste trinna med økt bemanning, intensive lesekurs osv, samt at me har fokus på å fange opp elevar som slit med grunnleggjande ferdigheiter tidleg og følgje opp desse elevane raskt.
4. Skulemiljø, rektor informerte
 - a) Det fysiske miljøet ved skulen: Har ikkje kunna nytta kjøkkenet pga støy frå ventilasjon. Er no utbetra, og neste års 6.klasse vil nytte dette rommet til kl. rom det komande skuleåret.
Me har fått nytt gjerde, benkar og leikar.
 - b) Det psykososiale miljøet ved skulen: Me har fokus på dette kvar dag- heile tida. Alle skal ha det bra på skulen. Me har Zero- samlingar, elevsamtalar, foreldresamtalar, ulike antimobbingprogram . Rektor ynskjer å ta tak i denne typen utfordringar med ein gong! Viktig med tett og god dialog heim- skule.
Lærarane er forplikta å informere retor med ein gong dei har mistanke om mobbing.
5. Elevtalsprognose- neste 6 år

Post

postmottak@radoy.kommune.no
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no
Konto 3636 07 00776
Org.nr. 954 748 634



Me er pr i dag 103 elevar på skulen, og vil ha ei jamn auke dei komande åra. I 2020/ 21 er estimert elevantal 115. Her vil me få ei utfordring, mtp klasseromkapasitet. I tillegg veit me at ny kommunedelplan for Bøvågen snart er på plass, noko som vil ha ei positiv innverknad på innbyggjartalet.

Referent: Ståle Villanger

Med helsing

Ståle Villanger
rektor Hordabø skule

Jill Kristin Grindheim Bøe
sekretær Hordabø skule

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

elevrepresentant Edas Kondrotas
elevrepresentant Igor Piotr
Matuszewski
FAU-leiar Eirin Misje
foreldrerepresentant SFO Marianne
Rikstad
Kirsti Floen, representant frå Radøy
kommune
representant andre tilsette Maria
Marøy
representant lærargruppa Jannicke
B. Bauge
representant lærargruppa Kristin
Helland